Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9

Fylke: Aust-Agder

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Iveland

Emne: Lauving

Bygdelag.

Oppskr. av: Andreas Lopil

Gard:

(adresse): NEG.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Heimelsmenn: Knut Ranestad, f. 1882 på Ranestad og bonde der
Katrine Ranestad, f. 1894 på Håvardstad i Iveland, budde i barneåra fleire stader i Fröysadalen, gift med Knut R.
A.

1. Dei lauvar ikkje no lenger i Iveland. Men Knut og Katrine R. var ikkje samde om når det vart slutt med lauvinga. Knut R. meinte at det var bare nokre få gardar i sokna som hadde lauva noko serleg i hans tid, og på Ranestad hadde dei bare lauva uteltydeleg. Katrine R. meinte at dei hadde lauva på Ranestad i „okkons tid". „Det första me var her, rebba me ei bytte lauv tie dagen". Og for nokre år sidan lauva dei ganske mykje på Veiland (grannegarden) eit år. „Ingeborg - sa for dette lauvet, det gir så mykje mjölk."
Eg spurde ikkje beintfram om lauvet var årvisst för, men alt som vart sagt, tydde på at det var så. Mor tie Knut R. gjekk kvar dag og rebba eitpar bötter med lauv, og det var gardar som lauva

16578

svart nyåje, sa Knut R. Han nemnde Bjåland.

2. Kjervelauv tok dei helst i håballen, men dei rebba lauv heile sommaren.
Det var serleg ~~tyr~~ osp dei tok til kjervelauv, men det vor bjørkelauv dei rebba.
Knut R. tykktest minnast at det vor noko med rånelauvet også, men han kunne ikkje greia kva det vor.
Det heitte lauving.

3. Kjervelauvet braut dei med handa.
Dei hadde ikkje noko reiskap til å høge ned kvistene med.
Dei rebba bjørkelauv med handa, men eg spurte ikkje om dei då hadde noko på handa.

4. Dei tok kjervelauv av tre som dei hogg ned, men mest av tre som dei kylla.
Det heiter å kylla. Å styve e å hogge treet ned ned rota.

5. Rebbalauvet hadde dei i bøtter. Dei tørka det ikkje, men brukte det eller-hvert.
Ospelauvet laga dei kjerve ~~f~~ av. Kjervane bant dei saman med ein bennel av ein bjørkekvist.
Kjervene sette dei på ende, gjerne på låven eller oppå høyet, i stadig vr ute.
Knut R. kan ikkje huga at dei var redd for å tørke kjervelauvet i sola, men regn var dei redde for.
Knut R. har ikkje høyrt om lauvhesje eller lauvtørking på staur. Han har høyrt om lauvstakk, men trur ikkje dei har vore brukt i Iveland.

16578

16578

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Lauvkjerv~~a~~ene kalde dei i vanleg bundre.
Surlauv ukjent.

6. Dei kjörte kjervar heim.
Lauvtingград ukjent.

7. Dei tok lauv både i innmarka og utmarka.
Mannfolka hogg og kvinnfolka kjerva.

8. Når lauvet av kjorrt, la dei det i höget med noko höy oppå. Det lauvet som låg i höyhua, vart kjört heim på vinterföre saman med höyet.
Alle dyra (ku, sau, hest) fekk lauv.
Dei kunne få ei kjerve kvar, men dei kunne også dela det.
Rekkalauvet (björk) kokte dei og gav kyrne med mjöl på.
Kjervelauvet fekk dei helst til andre måleк.

9. ~~Att~~ Lauvet var godt för. Kyrne vart trivelege av det, fekk god appetitt. Når hesten fekk ospelauv, vart den så blank i hårramen. Sjå også ovanfor sp. 1.

10. Ukjent.

11-15. Ukjent.

B.

1-9. Ukjent.

16578

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING